



Jentene skapte mange sjansar, mellom anna etter cornerar. Her signaliserar storscorar Ingebjørg Haugland at ho ønskjer ballen. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Lillejentene i fotball varta opp med god innsats og solid spel i avslutningskampen for sesongen mot Trott på Heio. Mange av dei trufaste publikummarane meinte at det var ein av dei aller beste kampane desse lovande ungentene hadde spela.**

Tidleg i opningsomgangen fekk heimelaget eit mål i mot, men dette førte berre til at dei gira opp innsatsen eit hakk, og med godt spel rulla dei opp stadig gode angrep som resulterte i mange målsjansar. På ein av desse sytte Kari Bråtun for utlikning slik at pauseresultatet var 1-1.



Trenarane Gørill og Svein Ove gjer ein fantastisk jobb, ikkje ein einaste spelar har slutta dei åra dei har halde på! (Foto: Thor Inge Døssland)

Andre omgangen var og fartsfylt med mykje godt spel frå begge laga. Trott gjekk opp til 2-1 før Ingebjørg Haugland fastsette sluttresultatet til 2-2 med eit godt og velplassert skot. Dette var eit passende resultat. Det var to innsatsfylte og vespelende lag som stod godt til kvarandre. Etter den publikumsvennlege og sjanserike kampen vei varta opp med, meiner vi det er rettast å sei at begge lag **vann** kampen 2-2.

Thomas Halvorsen stilte velvillig opp som dommar i kampen. Det har han gjort mange gonger denne sesongen. Også i denne kampen leverte han flott innsats.

Etter kampen vart det markert at det var siste kampen for sesongen. Då serverte Kjersti Bråtun spelarane sjokoladecake og saft medan Svein Ove delte ut fine og spesiellaga diplomar med lagbilde til spelarane. Dette vart sett stor pris på, og ut frå praten var det tydeleg at den fornøgde gjengen alt tenkte fram mot neste sesong.

- Svein Ove, ka tid vert neste trening?
- Ska vi trena inne i hallen i vinter?

- Tusen takk for at de trena oss, forresten.

Det er tydeleg at trenarduoen, Gørill S. Eik og Svein Ove Bråtun, framleis er minst like populære etter å ha trena laget heilt frå dei starta med fotball. Og det er så fortent, så fortent!! Eit godt mål på den fantastiske jobben dei har gjort, er det faktum at ikkje ein einaste spelar har slutta desse åra. Både spelarar og foreldre er svært takksame for all tid som vert brukt på treningsfeltet, i samband med kampar og mellom anna i telefon når alt mogeleg skal ordnast!!

Dei 13 jentene på dette laget er: Ingebjørg Haugland, Elisabeth Rebaudo, Karoline I. Amundsen, Marte Dagestad, Kaja Døssland og Eirin Rørheim Kjærland.  
Katrine Y. Røssland, Kari Bråtun, Marit Inga Sture, Anne Marte G. Zimmer, Susanne L. Eik, Victoria A. Eik og Bente Halvorsen.

Av Thor Inge Døssland



Sjokoladekaka og safta Kjersti serverte vart sett stor pris på. (Foto: Thor Inge Døssland)